

Merknad: KMD40250 Tangen

Tilskotsordning: Byutviklings- og byvekstavtalar

Prosjektnamn: Hovudprosjekt regionalt bustadbyggeprogram - balansert og variert bustadtilbod i regionsentera

Med bakgrunn i tiltak 6 i handlingsprogrammet for *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017 – 2028* (RATP) skal ein, i samarbeid med dei aktuelle kommunane og Husbanken, utarbeide og forankre eit bustadbyggeprogram. Dette skal i det vidare leggast til grunn for kommunane sine planar. RATP sine retningsliner synleggjer grunnlaget for arbeidet med bustadbyggeprogrammet, og står opp om nullvekstmålet. Mellom anna legg ein vekt på at kommunane bør leggje til rette for eit langsiktig, variert tilbod av bustader i samsvar med lokal og regional demografisk utvikling, og tilbyr nok bustader av rett type. Det gjeld òg trøngen for sosiale bustader og for grupper som kan ha vanskeleg for å koma inn på bustadmarknaden. Kollektivorientert utbygging bør prioriterast ved i hovudsak å lokalisere bustader i regionale og lokale vekstsoner og langs eksisterande kollektivtrasear. Vidare seier retningslinene at gjennom arealplanlegginga skal kommunane sikre klimatilpassing og kvalitet i bustadområde.

Ein gjennomfører no forprosjekt for dette arbeidet, som inneber å avgrense innhald og tema, gjere areanalysar for å kartlegge fortettingspotensiale i kommunane sine vekstsoner, og ein mogelegheitsstudie om kva som skal til for å oppnå eit balansert og variert tilbod av bustadar innanfor dei regionale vekstsonene i Bergensområdet.

I hovudprosjektet vil ein utarbeide eit bustadbyggeprogram i tråd med forprosjektet, og arbeide med forankring politisk og administrativt.

Kontaktopplysingar

Funksjon	Namn	Adresse/poststed	Telefon/e-post
Kontaktperson og prosjektleiar	Cathrine Grasdal	Agnes Mowinckels gate 5, 5008 Bergen	Tlf 90526060 Cathrine.grasdal@hfk.no
Søkar /prosjeekteigarar	Hordaland fylkeskommune Askøy kommune Fjell kommune Lindås kommune Os kommune Bergen kommune	Agnes Mowinckels gate 5, 5008 Bergen Klampavikvegen 1, 5300 Askøy Foldnesvegen 1, 5354 Straume Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø Rådhuset, Torggata 7, 5202 Os	
Samarbeidspart	Husbanken	Solheimsgrt. 11 Bergen	

Prosjektmål

- At fylkeskommunen og kommunane i Bergensområdet har ei felles forståing av kva balansert, variert og tett bustadbygging er, og at bustadbyggeprogrammet er godt forankra i kommunane.
- At programmet er føremålstenleg utforma og blir tatt i bruk suksessivt i kommunane sine planprosessar.

Resultatmål

Eit bustadbyggeprogram som skal leggast til grunn for kommunal planlegging i regionsenterkommunane i Bergensområdet.

Aktivitetar

1. Opprette arbeidsgruppe og politisk referansegruppe
2. Lysa ut konsulentoppdrag og følgje opp
3. Arrangere verkstad for arbeidsgruppe og konsulent
4. Verkstader og møter, der ein gjev informasjon og drøftar prosess og innhald med lokalpolitikarar med føremål å forankre programmet i kommunane.
5. Utarbeide bustadbyggeprogrammet og gjøre det tilgjengeleg for kommunane.

Tiltak 6 Regionalt bustadbyggeprogram	
Innhald	Utarbeide eit felles og retningsgivande bustadbyggeprogram for bergensområdet som grunnlag for kommuneplanane. Programmet skal ha ei fire års horisont.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune
Samarbeidspartnar	Kommunane, Fylkesmannen i Hordaland, Husbanken
Ressursar / Finansiering	Hordaland fylkeskommune
Oppstart / Framdrift	Oppstart 2018

Kunnskapsbehov

Ulike modellar og metodar for bustadplanlegging og bustadforsyning.

Milepærar

Oppstart: Vår 2019

Avslutning: Årsslutt 2020

Kostnadsplan

Hovudprosjekt regionalt bustadbyggeprogram – balansert og variert bustadtildot i regionsentera	2019-2020
Prosjektleiar fylkeskommunen	1 500 000
Administrative ressursar i kommunane	300 000
Verkstader/møter	200 000
Konsulentoppdrag	300 000
SUM	2 300 000

Finansieringsplan

Vi søker om inntil 50 % kompensasjon for ressursbruk i samband med gjennomføring av prosjekta. Ytterlegare avklaring må gjerast i forprosjekt og i samarbeid med kommunane.

Hovudprosjekt regionalt bustadbyggeprogram – balansert og variert bustadtildot i regionsentera	2019-2020
Fylkeskommunen	850 000
Eigeninnsats frå kommunane	300 000
Staten ved KMD	1 150 000
SUM	2 300 000

Prosjektnamn: Kommunale sykkelstrategiar

Regional areal- og transportplan for Bergensområdets (RATP) retningsline 7.2 slår fast at kommunar med regionale vekstsoner bør utarbeide ein kommunal strategi for å auke andelen sykkel og gange. Vidare peiker Regional transportplan for Hordaland på ein ambisjon om å etablere sykkelbyavtaler med regionsentera i Bergensområdet.

Gjennom tiltak 8.2 i Regional transportplan er det lagt til grunn at ein skal oppdatere kunnskapsgrunnlaget om tilstand og behov for gang- og sykkeltiltak i regionale vekstsoner i Bergensområdet. Gjennom prosjekt med støtte frå Kommunal og moderniseringsdepartementet vert det ferdigstilt ein rapport i løpet av hausten 2018.

Når kunnskapsgrunnlaget no vert oppdatert vil neste steg vere å etablere kommunale strategiar for sykkel, som eit grunnlag for moglege sykkelbyavtaler. Bergen kommune har allereie etablert ein strategi som no er under rullering. Dei andre regionsenterkommunane i Bergensområdet har ulikt utgangspunkt for å arbeide med slike strategiar. Hordaland fylkeskommune søker difor midlar som kommunane Lindås, Askøy, Os og Fjell enkeltvis kan søke inntil kr 300 000,-, med ei kostnadsfordeling 50/50.

Kontaktopplysingar

Funksjon	Namn	Adresse/poststed	Telefon/e-post
Prosjektleiar og kontaktperson	Lars Petter Klem	Agnes Mowinckels gate 5, 5008 Bergen	Tlf.: 55239000 (sentralbord)
Søkar /prosjekteigarar	Hordaland fylkeskommune	Agnes Mowinckels gate 5, 5008 Bergen	

Prosjektmål

- Sykkelvegnettet i regionale vekstsoner skal vere attraktivt, framkomeleg og trafikksikkert.
- Byutviklinga skal legge til rette for at sykkel og gange tek større delar av transportveksten i Bergensområdet.

Resultatmål

Kommunale sykkelstrategiar som legger grunnlag for å etablere sykkelbyavtaler med regionsenterkommunane i Bergensområdet.

Kunnskapsbehov

I kommunane sine søknader vil det gå fram ulike kunnskapsbehov basert på dei ulike kommunane sine plansituasjonar.

Milepælar

- Utlysing til kommunane om midlar til utarbeiding av sykkelstrategi.
- Søknadsfrist
- Søknad og tilsegn
- Igangsetting av kommunalt prosjekt
- Fullføring/rapportering desember 2020

Aktiviteter

Då kommunane har ulikt utgangspunkt for eit slikt arbeid, må ytterleg avklaring gjerast i søknad frå den einskilde kommune.

Kostnadsplan

Kommunale sykkelstrategiar	2019-2020
Administrative kostnader i kommunen	2 400 000
SUM	2 400 000

Finansieringsplan

Vi søker om inntil 50 % kompensasjon for ressursbruk i samband med gjennomføring av prosjekta.

Kommunale sykkelprosjekt	2019-2020
Kommunane eigeninnsats	1.200 000
Staten ved KMD	1.200 000
SUM	2.400 000

Prosjektnamn: Handel og byliv i sentera i Bergensområdet

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (RATP) er ein plan som ser heilskapleg på utviklinga i Bergensområdet, og koplar saman arealbruk og transportsystem for ein effektiv og berekraftig kvardag. Planen søker å redusere transportbehov gjennom målretta arealbruk. Det planleggjast for at veksten skal konsentrerast i strategiske utvalde senter, der sentera vert meir sjølvforsynte og med betre balanse mellom bustader og arbeidsplassar, så vel som eit godt servicenivå.

Regional plan for attraktive senter i Hordaland (Senterplanen) legg til rette for utvikling av attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvennlig transport. Senterplanen fastset ein overordna senterstruktur for heile fylket. RATP bygger vidare på denne senterstrukturen, og har som mål at utbyggingsmønsteret skal vere arealeffektivt og klimavennlig basert på den regionale senterstrukturen.

Eit godt handelstilbod er ein sentral del i det å skape sjølvforsynte og attraktive senter. Lokalisering av handel i sentera er og ein viktig faktor for å redusere transportbehovet ved handelsreiser. Senterplanen inneheld ein juridisk føresegn som seier at det berre er tillate med nytt bruksareal for handel i senter, fastsatt gjennom den regionale og kommunale senterstrukturen. I desse utvalde senterområda vert ny handel, offentlege tenester og kulturtildeløp ønska velkommen.

Utpoiking av dei regionale og kommunale sentera i Bergensområdet skal skape føreiseie for dei som vil drive næring, og for offentlege aktørar. Ved å leggje til rette for handel i senterområda og unngå handel utanfor, skal dei eksisterande butikkane og kaféane vere trygge for at det ikkje vert etablert nye handelssenter ein kort biltur unna. Ny handel plassert midt i mellom to senterområder spreier handelen utover, medan nye handelstilbod i sentera vil styrke dei allereie etablerte butikkane og gje fleire menneske i gatene. Å samle tilbod til befolkninga skapar også samfunnsøkonomisk vinstdiagram for offentlege investeringar kan konsentrerast, og det legg grunnlag for eit effektivt og miljøvennlig transportsystem.

Det er stor semje om verdien av attraktive senter som hovedelement i ein bærekraftig bystruktur, dette ligg og til grunn for regionale og nasjonale føringar og nullvekstmålet, altså gåande, syklande og kollektivreisande i staden for bilkøyrande. Til tross for fagleg semje om at handel skal lokalisera seg sentralt ser vi ein klar tendens til at sentrum taper marknadsdelar til eksternt lokalisert handel.¹ Ulike verksemder prøver å få samtykke til etablering utanfor senterstrukturen og viser til vanskelege tilhøve for varelevering, lite eigna lokale i eksisterande sentrumsutbygging, og at handelen er bilbasert og har trong for parkeringsplassar. Kommunane synes det er vanskeleg å seie nei til verksemder som vil kome å etablere seg, eller stille krav om sentrumslokalisering.

Korleis kan handelsnæringa, kommunar og regionale myndigheter heller spele på lag, leggje regionale føringar til grunn og jobbe saman for å få til sentrumsetableringar og auka byliv i sentera i Bergensområdet. Kva har eigentleg handelsverksemderne trond for, har dei spesifikke arealbehov, lokaliseringsskriterium, nedslagsfelt? Kan aktørane saman tenke nytt kring korleis bidra til at byliv og handel gjensidig forsterkar kvarandre og gjer sentrum til ein attraktiv lokaliseringstad for handelsverksemder?

TØI-rapport «Kunnskapsstatus Handel, tilgjengelighet og bymiljø i sentrum» (2015) konkluderer med at det er gjennomført få relevante studiar i små og mellomstore byer, og at det manglar studiar av samanhengar mellom bymiljø, attraktivitet og handel i mindre byer.

Kontaktopplysingar

Funksjon	Namn	Adresse/poststed	Telefon/e-post
Prosjektleiar og kontaktperson	Anne-Kathrine Vabø	Agnes Mowinckels gate 5, 5008 Bergen	Tlf.: 957 01 145 / epost: Anne-kathrine.vabo@hfk.no

¹ TØI-rapport 1400/2015 Kunnskapsstatus Handel, tilgjengelighet og bymiljø i sentrum

Søkar /prosjeakteigarar	Hordaland fylkeskommune	Agnes Mowinckels gate 5, 5008 Bergen	
----------------------------	----------------------------	---	--

Prosjektmål

- Auka kunnskap om korleis regional og kommunal planlegging kan nyttast til å leggje til rette for handelsetableringar
- Kunnskap om handelsnæringa sine behov ved sentrumsetablering
- Samarbeid mellom kommunal- og fylkeskommunal planleggingsmynde og næringslivet
- Fleire handelsetableringar i sentera og auka marknadsdelar, som legg til rette for fleire handlereiser utan privatbil

Resultatmål

Identifisere utfordringar og moglegheiter for handel og attraktive senter i Bergensområdet, og utarbeide ein tiltaksbank for korleis ein gjennom planlegging kan bidra til handel og byliv i sentera. Kunnskapen vil vere overførbar til resten av fylket og landet.

Kunnskapsbehov

Kva skal til for sentrumsetablering i sentera i Bergensområdet?

Korleis bidra til at byliv og handel gjensidig forsterkar kvarandre og gjer sentrum til ein attraktiv lokaliseringssstad for handelsverksemder?

Milepærar

Oppstart: hausten 2018

Avslutning: årsslutt 2019

Aktiviteter

1. Kunnskapsstatus - tilhøve mellom handel og byliv

Samling av forsking, erfaringar og litteratur om tilhøve mellom handel og byliv, samt nye trendar innan handel.

2. Kartlegging av større handelsverksemders behov ved sentrumsetablering

Intervjuundersøking blant større handelsverksemder om kvifor dei nokon stader etablerer seg i sentrum, ofte vel å ikkje gjere det, og kva som skal til for sentrumsetablering i sentera i Bergensområdet. Inkludere verksemder som ofte er big box-konsept, men og har nokre sentrumslokaliseringar (feks Plantasjen i Markeveien på Grünerløkka i Oslo, XXL i Storgata i Oslo, Power i Gågaten i Bergen).

3. Identifisere utfordringar og moglegheiter for handel og byliv i sentera i

Bergensområdet

Plannettverk om handel

- Oppstart av prosjekt, informasjon om sakshandsaming etter regional føresegn for handel, og høve for kommunar å kome med innspel til prosjektet.

Casestudie i 2 til 3 senter i Bergensområdet

- Kartlegging av status for handel i kommunen og senteret
- Intervjuundersøking blant eksisterande sentrumsverksemder om kvifor dei etablerte seg her og positive og negative erfaringar, mellom anna organisering i sentrum, offentleg sentrumssatsing, byromskvalitet, parkeringsdekning, kollektivtransport, opningstider, omsetningsutvikling.
- Handel som integrert del av områdeplan for sentrum – erfaringar og utforsking av muligheter

Workshop om korleis leggje til rette for auka handel og byliv i sentera

- Handelsnæringa, kommunar, sentrumsforeiningar, interesseorganisasjonar, gårdeiarar mm frå ulike delar av fylket

4. Utarbeidning av tiltaksbank for korleis ein gjennom planlegging kan bidra til handel og byliv i sentera

Samle anbefalingar og forslag til tiltak.

5. Formidling

Gjere ny kunnskap tilgjengeleg for kommunar og næringsliv i Hordaland og resten av Noreg.

Aktivitetane er knytt til handlingsprogrammet for oppfølging av Senterplanen. Følgjande tiltak i handlingsprogrammet vert gjennomført i prosjektet:

Tiltak 2.2	Modellar for offentleg og privat samarbeid i sentrum
Innhald	Samle og formidle informasjon om ulike modellar for samarbeid og partnarskap mellom offentlege og private aktørar i sentrumsutvikling. Sjå på korleis ulike organiseringsmåtar og finansieringsløysingar kan bidra positivt til å utvikle sentrum. Kunnskap kan skaffast ved å støtte opp om eit utvald pilot-prosjekt. Piloten kan vere i form av eit BID-prosjekt (<i>Business Improvement Districts</i>).
Ansvar	Hordaland fylkeskommune
Samarbeidspartner	Sentrumsforeiningar, Næringsalliansen, handelskjedane/kjøpesentera, Bergen kommune, Os kommune mfl.

Tiltak 4.2	Kontaktutval mellom handelsnæring og planmyndighet
Innhald	Etablere møteplass/samrådsforum mellom offentleg planforvalting og handelsnæringa i Hordaland. I tiltaket inngår å oppdatere faktagrunnlag/statistikk for utviklinga i handelsnæringa i fylket og annan relevant kunnskap for handelsetablering.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune
Samarbeidspartnar	Næringsalliansen, sentrumsforeiningar, handelskjedane/kjøpesentera

Tidsplan



Kostnadsplan

Handel og byliv i sentera i Bergensområdet	2018-2019
Prosjektarbeid fylkeskommunen og kommunane	500 000
Intervjuundersøkingar – konsulent	200 000
Gjennomføring av plannettverk	50 000
Gjennomføring av casestudiar og workshop – konsulent	300 000
SUM	1 050 000

Finansieringsplan

Handel og byliv i sentera i Bergensområdet	2018-2019
Fylkeskommunen – eigeninnsats	350 000
Kommunane – eigeninnsats	200 000
Staten ved KMD	500 000
SUM	1 050 000